



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, tlf
Tom Dybwad – 57 65 51 50
E-post
td@fmsf.no

Vår dato
03.07.2008
Dykkar dato

Vår referanse
2007/3902 - 432.0
Dykkar referanse

Direktoratet for naturforvaltning
Tungasletta 2
7485 Trondheim

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Oversending Fylkesmannen i Oppland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si tilråding til nye verneforskrifter og forvaltningsplan

Vi viser til vårt brev av 22.08.2007 med utsending av framlegg til nye verneforskrifter og framlegg til revidert forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde. Dette brevet er skrive i samråd med og på vegner av Fylkesmannen i Oppland.

Framlegget til verneforskrifter og forvaltningsplan var på høyring med frist til 31.12.2007. Fleire av kommunane fekk utsett frist. Det kom i alt 40 fråsegner til framlegga. Det er halde opne møte i alle dei 5 kommunane. Det siste møtet i referansegruppa var 19.06.2008.

Fylkesmennene tilrår ikkje store endringar i verneforskriftene i høve til framlegget til verneforskrifter. Både for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde tilrår fylkesmennene at lågtflygingsgrensa vert 300 m frå bakken, ikkje 1000 meter slik det var i framlegget. For Utladalen landskapsvernområde tilrår Fylkesmannen i Sogn og Fjordane at kulturlandskap vert ein del av verneformålet. Fylkesmennene rår til at eksisterande forvaltningsordning held fram, men med utvida høve for tilsynsutvala til å uttale seg i høve til gjeldande retningslinjer, slik framlegget la opp til.

Det er få konfliktområde når det gjeld forvaltningsplanen. Fylkesmennene har innarbeidd fråsegner når dette ikkje kjem i strid med verneformål og vernereglar. Fylkesmennene tilrår ingen endringar i soner i høve til framlegget på høyring (sjå sonekart (vedlegg 11) i framlegget til forvaltningsplan). Når det gjeld reiseliv, er planen på nokre punkt tilpassa reiselivsinteressene, og vi ber direktoratet spesielt sjå på dette. Fylkesmannen i Oppland vil trekkje fram at det har kome ønskje frå Gjendebåten om høve til å ha sight-seeingturar i sona Gjendesheim-Memurubu, og ber Direktoratet for naturforvaltning vurdere om det kan opnast for det innanfor framlegget til verneforskrift.

Vedlagt følgjer fylkesmennene si oppsummering av fråsegner med tilrådingar, a) til framlegget til verneforskrifter og b) til framlegget til forvaltningsplan, saman med dei verneforskriftene og forvaltningsplan som fylkesmennene tilrår.

Alle fråsegner, referat frå opne møte og frå referansegruppa vil bli sendt Direktoratet for naturforvaltning elektronisk.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernssjef
Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

Tom Dybwad
seniorrådgjevar

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

4 vedlegg:

- Fylkesmennene sine tilrådingar til verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde med Retningslinjer for tilsynsutvala
- Fylkesmennene si tilråding til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde
- Fylkesmennene si oppsummering og kommentarar til verneforskrifter for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde
- Fylkesmennene si oppsummering og kommentarar til forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde

Kopi med vedlegg pr. e-post:

Fylkesmannen i Oppland
Luster kommune
Årdal kommune
Vang kommune
Vågå kommune
Lom kommune

Medlemmene i referansegruppa (med e-post):

Anders Fortun, 6876 Skjolden
Vidar Sylvarnes, Ekreveggen 9A, 6884 Øvre Årdal
Steinar Mørkrid, Hestehagen 6877 Fortun
Jon Sjurgard, 2686 Lom
Odd Arne Flaten, 2680 Vågå
Magnhild Vole, 2680 Vågå
Geir Moen, 2975 Vang i Valdres
Jon Opheim, postboks 124, 2601 Lillehammer
Tor Martin Stenseng v/DNT Oslo og omeng, pb. 7, Sentrum 0101 Oslo
Magny Hilde, 2626 Lom
Ivar A. Opdal, 2977 Øye
Esben Bø Statens naturoppsyn, pb 94, 2686 Lom